



## Statens vegvesen

Kristoffer Søderstrøm  
levegen 211  
5917 ROSSLAND

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
16/119196-2

Dykkar referanse:

Vår dato:  
13.09.2016

### Uttale – Dispensasjon – E39 – gnr. 188 bnr. 5 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 3. august 2016. Du ber om ein uttale angående byggjegrænse langs E39 ved Ytre Gjervik i Lindås kommune.

Eigedomen gnr. 188 bnr. 5 ligg i eit område som er avsett til LNF – føremål (landbruk-, natur- og friluftsføremål) jf. Kommunedelplan (KDP) for Knarvik – Alversund 2007 – 2019. Det kjem ikkje tydleg fram om søknaden er i samsvar med arealføremålet i KDP, men Statens vegvesen legg til grunn at tiltaket krev dispensasjon frå gjeldande plan.

#### Opplysning om saksgang:

Før Statens vegvesen handsamar saka etter veglova, skal tiltaket vere avklart etter plan- og bygningslova og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Søknad om bustad, garasje og tilkomstveg må i første omgang handsamast som ein dispensasjon etter plan- og bygningslova, jordlova og anna relevant lovverk som Lindås kommune forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i dispensasjonssaker som vedkjem vårt saksområde jf. plan- og bygningslova § 19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ei uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden.

#### Uttale til handsaming etter plan- og bygningslova:

##### Tekniske opplysningar:

Tiltaket ligg langs E39, like nord for Knarvik sentrum, på vestsida av vegen. På denne sida av vegen er det også anlagt åtskild gang- og sykkelveg mellom Bergen – Førde, som er tilknytt riksveganlegget. Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT er 6500. Strekninga er klassifisert til Haldningsklasse 1 jf. «Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser på riks- og fylkesvegar i region Vest (2013 – 2016)».

Vurdering:

Byggjegrense langs veg skal mellom anna ta vare på omsynet til trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av veggen, og miljøet langs veggen.

I «Rammeplanen» er veggen klassifisert til haldningsklasse 1, som er den strengaste haldningsklassa. Det vil mellom anna seie at byggjegrensa er 50 meter, og at nye bustader utanom til primærnæringa i hovudsak berre vert godkjent etter reguleringsplan. Rammeplanen er retningsgjevande for korleis vi handsamar søknaden.

Det er vedlagt kart til søknaden som illustrerer byggjegrense 50 meter mot veg, samstundes som det vert opplyst at tiltaket kjem utanom denne byggjegrensa. Det er vår oppfatning at deler av bustaden kjem innanfor den generelle byggjegrensa på 50 meter mot veg. Også tilkomstveg er omfatta av omgrepet «byggverk» og kjem inn under byggjeforbodet langs veg, jf. veglova si kommentarutgåve. Illustrasjonen som er vedlagt søknaden syner at store delar av tilkomstvegen ligg innanfor byggjegrensa.

Eigedomen og tiltaket ligg i samband med kryss mellom kommunal veg og E39, samt kryss mellom gang- og sykkelveg og kommunal veg. Gang- og sykkelvegen fortsetter vidare inn på kommunal veg. Dagens avkøyrsløp til eigedomen ligg tett på krysset og er ikkje utforma i samsvar med krav til mellom anna sikt, både til køyrebane og gang- og sykkelveg, og må sjåast som trafikkfarleg slik den ligg i dag.

Bustaden ligg innanfor eit område som er klassifisert til «Gul» støysone jf. våre støyyvarslingskart. Vi minner om at retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging T-1442 bør følgjast ved etablering av nye tiltak.

Lindås kommune må her ta stilling til om tiltaket er i samsvar med intensjonane om utbyggingsmønster som ligg føre i KDP for Knarvik – Alversund.

**Sluttord:**

Statens vegvesen er kritisk til etablering av bustad og veganlegg innanfor byggjegrensa langs E39 slik det her er søkt om.

Dette brevet skal sendast Lindås kommune som vedlegg til søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova.

Statens vegvesen ber om å få Lindås kommune sitt vedtak sendt over til eventuell klagevurdering.

Plan og forvaltningsseksjon, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ